



Stord kommune
Kvinnherad kommune

Dato: 17.01.2017
Vår ref.: 2016/943-13
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.: «REF»

Oversending av rapport Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset - Stord

Vedlagt følger sluttrapport for teknisk forprosjekt for eit ferjestø på Djupavikneset i Stord kommune.

Rapporten har teke føre seg følgjande tema:

- Utarbeiding av ei prinsipløysing for ferjestø på Djupavikneset som ikkje kjem i konflikt med planlagd avlaupsreinseanlegg gjennom utvida fylling i sjø.
- Trafikksituasjonen i Leirvik sentrum ved etablering av ferjeleie på Djupavikneset med bruk av eksisterande vegnett.
- 3 alternative prinsipløysingar for veg- og tunellsamband mot Djupavikneset.
- Utarbeiding av alternative ferjekonsept.
- Finansiering gjennom påslag på ferjetakst og fylkeskommunal finansieringsdel.

Basert på ei samla vurdering har politisk referansegruppa for prosjektet i møte 6.12.2016 konkludert med at det ikkje er behov for ytterlegare utgreiingar av Djupevikneset som framtidig ferjestø. Referansegruppa konstaterer samstundes at utfordringa med ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord ikkje er løyst, og at dei to kommunane saman med Hordaland fylkeskommune har eit ansvar for å finne fram til ei framtidig løysing på behovet for innkorting av sambandet.

Rapporten vert med dette sendt over til Stord og Kvinnherad kommune for politisk handsaming. Hordaland fylkeskommune legg opp til politisk handsaming av rapporten i februar 2017.

Hordaland fylkeskommune vil kome attende til eit initiativ til vidare prosess for innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Vedlegg: Rapport Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset – Stord

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens Vegvesen region vest